

## Digernes heidra av kongen

Torbjørn Digernes frå Hovdebygda er utnemnd til riddar.

H.M. Kongen har utnemnd professor Torbjørn Digernes til Riddar 1. klasse av Den Kongelige Norske St. Olavs Orden for innsatsen hans for forskning og utdanning.

Dekorasjonen vart overrekket ved eit arrangement på Lerchendal gård i Trondheim tysdag denne veka.

Torbjørn Digernes (65) er opphavleg frå Hovdebygda, og er fysikar. Han var rektor for NTNU i Trondheim frå 2005 til 2013.

Han vart vart uteksaminert som sivilingeniør frå lina for teknisk fysikk ved dåverande NTH i 1972. Han tok doktorgrada i 1982 ved Institutt for databehandling ved NTH.

Han arbeidde ved Undervisningsgruppen ved Regnesenteret

ved Universitetet i Trondheim 1972-1974, ved Fiskeriteknologisk Forskningsinstitutt frå 1974 til 1986, og ved MARINTEK frå 1986 til 1990. I perioden 1990-1996 var han tilsett i European Space Agencys romstasjonsprogram ved European Space Technical Centre i Nederland.

I 1984 vart han professor II og i 1998 professor i hovudstilling, i marin prosjektering.



**Riddar:** Torbjørn Digernes er utnemnd til Riddar 1. klasse av Den Kongelige Norske St. Olavs Orden.



**Satsar:** Vi vil reetablere Rust som lokal konsertscene. Men då må ørstingane kjenne besøkstida, seier Olav Sindre Kriken (t.v.) og Bernt Brekk.

# Tilbake til start for Rust

Rust Club & Scene går tilbake til start, og vil igjen satse på konserter.

● **Roy-Arne Folkestad**  
roy-arne@morenytt.no

- Men aktivitetsnivået vert ikkje så omfattande som under stordomstida. Men vi ønskjer å satse på ein del konserter og andre tilstellingar med artistar av høg kvalitet, fortel Bernt Brekk og Olav Sindre Kriken, to av fleire som har ein mindre aksjepost i Rust.

### Opna dørene

Dei gjekk høgt ut duoen Steinnes og Krøvel då dei sommaren 2002 opna dørene på Rust. Dei ville satse stort på dei beste artistane. Eigarene skaffa det beste utstyret og etablerte fasilitetar av klasse.

Oppskrifta vart ein suksess, og Rust utvikla seg ganske raskt til å verte ei av Vestlandet sine mest aktive konsertscener - og snart var dei ei av dei mest kjende og populære i landet. Mest alle toppartistar har spelt på Rust.

Det er fleire årsaker til at det har vore stille på Rust siste åra. Rett nok har der heile tida vore aktivitetar med diskotek og open bar og ein del musikkar-

rangement i høgtidene, men Rokken i Volda har teke over som lokal konsertscene.

### Føresetnader

- Rokken har heilt andre føresetnader enn oss, og vi har inga muligheit til å konkurrere på deira vilkår. Vi gjer likevel eit forsøk no på å blåse støv av Rust som konsertscene, fortel Bernt Brekk. Økonomien er betra. Og no er det opp til folket om Rust skal ha aktivitetar.

- Det er utfordrande og ganske håplaut å arrangere konserter når ørstingane ikkje går ut før klokka er nærare eitt om natta. Vi er difor nøydd til å skaffe så attraktive artistar at folk går ut i ellevetida. Då må vi



**Optimist:** Bookingansvarleg Bernt Brekk er optimist for Rust si framtid.

leggje lista høgt, og kostnadene vert store, konstaterer Brekk og Kriken.

- Dette gjer at vi ikkje kan

trakke feil mange gonger før det går gale. Økonomien er marginal og vi som eig Rust driv på non profit-basis, der eventuelt overskot går til å booke nye artistar og byggje opp ein buffer slik at ein slepp å ta stor risiko, forklarar Brekk og Kriken.

Dei har klar to godbitar på konsertprogrammet denne hausten: 11. oktober kjem rockarane i supergruppa Skambankt til Rust. 1. november er det duka for pop, funk og fusion då DSound med Simone Eriksrud, Jonny Sjo og Kim Ofstad inntek Rust si scene med lekker club- og loungemusikk.